

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 19.6.2009  
**Stad:** Hemsedal, Fossheim Hotell

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Kåre Olav Solhjell,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune (fråverande sak 32 -34)
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Karsten Ekeren,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stersen og Runolv Stegane og regionkontakt Terje Moen

---

### SAK 30/09 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.5.2009

#### Vedtak

Møteprotokoll 29.5.2009 vart vedteke.

### Sak 31/09 ORIENTERING OM PROSJEKT KOMPETANSENETTVERK HALLINGDAL/PARALLELLPROSJEKT HALLINGDAL OG VEST-TELEMARK

Kirkens Familievernkontor Hallingdal ved Liv Solberg, orienterte om prosjekt Kompetansenettverk Hallingdal / Parallellprosjekt Hallingdal og Vest-Telemark.

Føremålet med prosjektet er førebels oppsummert slik:

- *Skape mer robuste og samordna tjenester på flere forvaltningsnivå og på tvers av kommuner, for barn, unge og familier i distriktene.*
- *Skape faglig attraktive og bredt kompetente tilbud i distriktene.*
- *Avklare behovet for en felles geografisk plassering evt. samlokalisering og med hvem.*

### SAK 32/09 FORSLAG TIL ORGANISERING AV NÆRINGSSAMARBEIDET I HALLINGDAL

#### Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal deler oppfatningane om at næringsssamarbeidet i Hallingdal bør styrkast, både i forhold til dei ulike næringsorganisasjonane og i forhold til kommunane/regionrådet.
2. Regionrådet støttar etableringa av Hallingdal Utvikling (HU) som paraply for Hallingdal Næringshage, Hallingdal Reiseliv, Hallingdal Etablerersenter, HallingExpo og eventuelt Hallingdal Karrieresenter.
3. Regionrådet føreset at eigarselskapa i Hallingdal Utvikling legg sekretariatsfunksjonane til HU, i tillegg til ressurs for nødvendig koordinering. I tillegg må det setjast av ressursar til prioriterte oppgåver, som t.d. profilering og aktuelle regionale tiltak.
4. Regionrådet støttar forslaget om faste møter mellom Regionrådet og styre i HU, førebels 2 gg. pr. år. I tillegg må det lagast rutinar for faste møter mellom sekretariatet til Regionrådet og HU.

5. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd tilskot frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune, i ein oppstartsperiode på 3 år, for utvikling av Hallingdal Utvikling.
6. Det blir løyvd inntil 50% av kostnadane pr. år, innanfor tilskotsramme på kr. 350.000. Det er føreset at det som minimum er 1 person fast tilsett i HU.
7. Løyving for tredje året blir løyvd etter handsaming av framlagt evalueringsrapport.

### **SAK 33/09 VEGPAKKE HALLINGDAL**

Tilstades ved handsaming av saka var Erik Furuseth, distriktsvegsjef Statens vegvesen.

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ber Statens Vegvesen Region Sør om å utarbeide ei mogelegheitsstudie som syner korleis ei vegpakke for strekninga Ørgenvika – Gol på Rv7 kan gjennomførast og finansierast.
2. Regionrådet ber om at det blir sett ned ei referansegruppe for arbeidet, der m.a. Regionrådet og Buskerud fylkeskommune kan delta.
3. Regionrådet meiner strekninga Ørgenvika – Gol kan egne seg godt for nye kontraktsformer som skissert i NTP 2010 – 2019, som kombinerar drift, vedlikehald og utvikling av vegstandarden.
4. Utgangspunktet for vurderingane må vera vegnormalen sin standard slik stamvegutgreiinga frå 2006 beskriv det. Men Regionrådet for Hallingdal meiner og det vil vera rett å vurdere ein tre-felts veg.

### **SAK 34/09 EVENTUELL VIDAREFØRING AV PROSJEKTET TRAFIKKTRYGGLEIK HALLINGDAL**

Tilstades ved handsaming av saka var Erik Furuseth, distriktsvegsjef Statens vegvesen og Einar Sand, distriktsleiar UP.

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ser at Trafikktryggleik Hallingdal er eit prosjekt som kan syne til svært lovande resultat. Regionrådet støttar styringsgruppa sitt ynskje om ei vidareføring av prosjektet ut frå argumentasjon om at:
  - a. Prosjektet har meir å tilføre i forhold til å utvikle trafikktryggleik i Hallingdal.
  - b. Pr. i dag er det ikkje noko system som kan vidareføre arbeidet til Trafikktryggleik Hallingdal.
  - c. Trafikktryggleik Hallingdal kan utviklast som del av eit grunnlag for ein førebyggingsstrategi på nasjonalt nivå.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at Trafikktryggleik Hallingdal blir vidareført i 2 år (2010 – 2011)
3. Regionrådet for Hallingdal løyver over ein toårsperiode inntil kr. 200.000 til prosjektet.
4. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 300.000 pr. år i 2 år, frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune.
5. Regionrådet for Hallingdal føreset at Statens vegvesen stiller kontorlokalar kostnadsfritt til disposisjon for prosjektleiar, ved Gol Trafikkstasjon.
6. Regionrådet for Hallingdal tek på seg prosjektansvaret for vidareføring av prosjektet.
7. Regionrådet for Hallingdal vil oppmode om at noverande etatar/organisasjonar også er med i styringsgruppa ved ei vidareføring av Trafikktryggleik Hallingdal.
8. Til medlemmer i styringsgruppa utnemner Regionrådet for Hallingdal Gerd Eli Berge.
9. Dagleg leiar i Regionrådet får fullmakt til å arbeide med ei vidareføring av prosjektet for å:
  - a. avklare aktuelle samarbeidspartnarar
  - b. avklare kontorlokale

- c. avklare vidare engasjement av prosjektleiar
  - d. klargjera endeleg finansiering
10. Regionrådet for Hallingdal vil oppmode Samferdselsdepartementet og Justis- og politidepartementet til å engasjere seg i ei vidareføring av Trafikktryggleik Hallingdal, både i form av støtte til prosjektet, men også for å sjå på om Trafikktryggleik Hallingdal kan utviklast som del av eit grunnlag for ein førebyggingsstrategi på nasjonalt nivå.

**Sak 35/09      VESTRE VIKEN SYKEHUSOMRÅDE, MØTE MED LEINGA I DET NYE HELSEFORETAKET**

Frå helseforetaket møtte Bente Holm Mejdell (styreleiar), Erik Omland (administrerende direktør for det nye helseforetaket) og Unn Teslo (sjukehusdirektør Ringerike). Det nye helseforetaket er formelt etablert frå 1.7.2009.

Presentasjon er lagt ved møteboka, vedlegg 1.

**SAK 36/09      VANNREGION VEST-VIKEN, INFORMASJON OM VANDIREKTIVET OG OPPSTART "VANNOMRÅDE" HALLINGDAL.**

Marianne Seland og Ellen Margrethe Stabursvik frå miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Buskerud, og Liv Wennerberg, miljøvernrådgevar hjå Buskerud fylkeskommune orienterte om vannregion Vest-Viken, vandirektivet og oppstart "vannområde" Hallingdal. I grove trekk vil Hallingdal og Krødsherad bli definert som eit vannområde, der det skal utarbeidast ein eigen forvaltningsplan. Planarbeidet skal startast opp hausten 2009, og der det er ynskjeleg at Hallingdal og Krødsherad kjem med forslag til organisering og gjennomføring av planarbeidet.

Presentasjon er lagt ved møteboka, vedlegg 2.

**SAK 37/09      FELLES RVISJONSDISTRIKT HALLINGDAL OG VALDRES?**

**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal stiller seg positive til at det blir arbeidd med vurdering av felles kommunerevisjon for Hallingdal og Valdres. Regionrådet ber om at det blir lagt til rette for å behalde avdelingskontor som i dag, både i Hallingdal og Valdres.

**SAK 38/09      HANDSAMING AV SAK OM FELLES BARNEVERN FOR HALLINGDAL**

**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal forventar at innstilling frå Rådmannsutvalet om lokalisering av felles barnevern for Hallingdal, blir oversendt Regionrådet innan 17.august 2009, slik at handsaming kan skje i augustmøte.

Ål 26.6.2009

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg 1, til sak 35/09:      Presentasjon Sjukehusområde Vestre Viken  
Vedlegg 2: til sak 36/09:      Presentasjon Vannregion Vest-Viken, vandirektivet og oppstart "vannområde" Hallingdal.